

## NYHENDEBREV VINTER 2013

FORSKERFORBUNDET VED  
Fagpolitisk forening for midlertidig  
ansatte arkeologer - MAARK  
Leder Ingar M. Gundersen  
ingar.gundersen@maark.no  
maark@maark.no  
www.maark.no

### Kjære medlem av MAARK!

Det nærmar seg tida på året då flest mellombels tilsette arkeologar står utan arbeid. Likevel har vår arbeidslivsundersøking frå 2011 vist at den sesongmessige arbeidssituasjonen til dels er ei myte. Sjølv i mars, som er tida då fleste er utan arbeid, var 30 % av mellombels tilsette arkeologar i arbeid i 2010. Dette viser at det er eit klart behov for fleire faste tilsette arkeologar.

### Arbeidslivsanalyse

I løpet av våren avsluttar me del 2 av arbeidslivsanalyse, tilstandsrapporten. Rapporten kastar ljøs over fire tematiske hovudområde som trådde fram som interessante ved gjennomgangen av arbeidslivsundersøkinga frå 2011; løn, pensjon, trygderettar og etablering.

Rapporten har allereie fått merksemd i media gjennom Forskerforum og vil bli offentleggjord kring påske.

### Seminar og årsmøte

MAARK arrangerer seminar 11.-12. april i Oslo, årsmøtet blir heldt etter seminaret 12. april. Ein treng ikkje delta på seminaret for å kome på årsmøtet. Sett av datoane, meir informasjon vil kome per e-post.

### Valkomit 

På årsmøtet vil det bli vald nytt styre for MAARK. På regionsm te i ulike delar av landet har de vald medlemmar til valkomiteen, som difor ser slik ut:

Mikael Cerbing, *leiar*

Dag Erik F r  Olsen

Joakim Winterwoll

Silje  vreb  Foyen

Julian Post Martinsen

Valkomiteen skal no finne fram til eigne kandidatar for styret, og i det h vet treng me din hjelp. Kjenner du nokon som du meiner burde stille, eller ynskjer du sj lv   engasjere deg i styret sitt arbeid? Kontakt valkomiteen p  [valg2013@maark.no](mailto:valg2013@maark.no), og fortel kven du ynskjer skal representere akkurat deg.

## Hjerneflukt

For å fylgje opp arbeidslivsanalyza gjeng me no òg i gang med å opprette kampanjen «Hjerneflukt». Kampanjen blir etablert i kjølvatnet av Forskerforbundets «Hjernekraftverk», men fokuserer på dei konsekvensane mellombels tilsetjing får for kompetanseutviklinga i akademia og kulturminneforvaltninga. Manglande høve for kompetanseheving er ikkje berre ei utfordring for den einskilde arbeidstakar, men òg for den einskilde arbeidsgjevar.

Me møter stadig argument frå arbeidsgjevarsida om at det ikkje finst søkarar til tyngre faglege stillingar, men opplever samstundes ein vedvarande kompetanseflukt frå fagmiljøet. Desse faktorane heng saman, forårsaka av ei manglande evne til langsiktig tenking. Ein god kvalitetsretta utvikling av faget heng saman med ein god forvaltning av dei menneskelege ressursane det omfattar. Dette inneber høve til personleg utvikling, og langsiktige, stabile tilsetjingsforhold, som mogeleggjjer ei framtid i faget.

«Hjerneflukt» blir sparka i gang på årsmøtet 12. april.

## Anna

- Vinter og vår er ofte ein periode med intensiv søknadsskriving. Me oppmodar alle som søker arbeid, felt eller anna, å setje seg godt inn i rammer og vilkår for arbeidet. Samt studere kontraktar og sjå til at alle lover og regler er fylgd. Lokallaget ved Forskerforbundet kan bidra med råd og rettleiing. Likeins kan MAARK bli kontakta på [maark@maark.no](mailto:maark@maark.no).
- MAARK vil igjen minne om at det er viktig å melde seg inn i lokallaget til Forskerforbundet ved ny arbeidsplass. Dette gjer ein på "Min side" på Forskerforbundet sin nettstad: <https://portal.forskerforbundet.no/>. Ved å melde seg inn i lokallaget blir ein synleg for lokale tillitsvalde, noko som er avgjerande for at tillitsvalde kan yte støtte også til mellombels tilsette.

Beste helsing frå styret i MAARK!